

# Møre og Romsdal SV fordømmer USA sin plan for Israel og Palestina!

På Gazastripa bur det og lever om lag to millionar menneske i eit samfunn preget av frykt, usikkerheit, utan håp, med mangel på utdanning, arbeid, helsetilbod, mat, og andre livsnødvendigheite. Det er inga måte å reise frå det som i røynda er verdas største utandørs fengsel. No planlegg Israel og USA å fortsette segregeringa i resten av Palestina.

Med den såkalla fredsplanaen som USA og Israel vil tvinge over det palestinske folket, bryt ein med Osloavtalen og skapar ein meir uleveleg situasjon for palestinarane.

Møre og Romsdal SV krev at den Norske regjeringa gir sin aktive støtte til at Den internasjonale straffedomstolen. Vi krev at den formelle etterforskinga av Israel sine krigsbrotsverk på Gazastripen, Vestbredden og Jerusalem settes i gong snarast og uten ytterlegare trenering. Fylkesårsmøtet for Møre og Romsdal SV meiner at Israel er ein stat som behandler sine innbyggjarar systematisk ulikt på bakgrunn av etnisitet. Difor er Israel å sjå på som ein apartheidstat.

Fylkesårsmøtet for Møre og Romsdal SV krev at regjeringa fylgjer opp sine plikter i folkeretten, og tar et initiativ overfor andre land for å sankjonere Israel for grove brot på internasjonal rett.